



Arkivnr: 2014/557-95
Saksbehandlar: Arild S. Sekse

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		

Vestlandskonferansen 2015 status

Samandrag

Fylkeseldrerådet skal arrangere Vestlandskonferansen 2015 for fylkeseldreråda i Sogn & Fjordane, Rogaland og Hordaland 28.-29. april. Invitasjon skal sendast ut med svarfrist 3. mars 2015.

Arbeidsutvalet, i møte 8.1.2015, gjekk inn for å ta opp følgjande tema på konferansen: Omsorgsteknologi, kommunestruktur, universell utforming og samferdsel (spesielt korrespondansar og anbodsavtalar). AU drøfta òg namn som er aktuelle som innleiarar.

Pr. 27.01.2015 har følgjande innleiarar stadfesta at dei kan delta som innleiarar:
Kari Eidsheim Bjørkheim og Gro Løvik, Lindås kommune (Omsorgsteknologi)
Oddmund Sylta, adm.dir. Skyss (Samferdsel)

Den 27.01.2015 kom det epost med forslag om tema frå fylkeseldrerådet i Sogn & Fjordane: (vedlegg?)

- **Velferds- /helseteknologi**
 - Høgskulen i Bergen v/ rektor Per Gunnar Søggen og ansvarleg for helseteknologiutdanninga Mari Berge driv eit pilotprosjekt. Lindås kommune er visstnok komen langt med å prøve dette ut. Denne teknologien vil i framtida bli svært aktuell i eldreomsorg.
- **Serviceskyssen**
 - Utbygging av serviceskyssen som eit alternativ til bussruter som står i fare for å verte lagt ned.
- **Friluftslivets år – koplast mot utbygging av turstiar og løyper**
 - Burde kommunane i større grad vore oppteken av dette arbeidet i samarbeid med lag og organisasjonar for å få intensivert arbeidet? Eit godt tiltak for å betre folkehelsa. Spørsmålet ein kan diskutere er korleis ein kan påverke prosessane frå fylkeskommunen og ut til dei enkelte kommunane.
 - Utbygging av fleire gang- og sykkelvegar. Slik utbygging burde vere planlagt og utbygt samstundes som vegar vert bygde. Det gjeld både riks- og fylkesvegar. Kan ein og korleis skal ein påverke utbyggingsprosessane?

BU (brukarutvalet) for Helse Vest

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Birte Markeseth Aasen
Leiar

Arild S. Sekse
Seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.